

Intervjuguide

Problemstilling: *Kva erfaringar har foreldre, når deira vaksne barn med psykisk utviklingshemming skal flytte frå barndomsheimen og inn i sin eigen heim, og motta kommunal hjelp?*

Kva erfaringar har foreldre i samarbeidet med kommunen i denne prosessen?

- Kva tankar hadde du då barnet ditt skulle flytte inn i eigen heim?
- Korleis opplevde du det første møtet med «vaksenlivet» for barnet ditt? Kva forventningar hadde du?
- Hadde du innspel på kven som skulle vere naboor, korleis heimen såg ut? Vist ein hadde innspel, vart ein hørt på dei?
- Korleis vart du kjent med personalet på vaksen avdeling? Før barnet ditt flytta eller etter?
- Føler du at barnet ditt har tilstrekkelig hjelp i heimen?

Kva strategiar tek foreldre i bruk i møte og samarbeid med kommunen?

- Har barnet ditt individuell plan og koordinator?
- Viss ein har IP: korleis har dette fungert? Har det letta kvardagen? Fungerar planen?
- Viss ikkje ein har IP: kvifor har ein ikkje det? Er det foreldrene eller brukar som ikkje vil ha? Er det kommunen som meinar det ikkje er nødvendig?
- Har du hatt kontakt med andre foreldre som er i liknande situasjon som deg for å finne ut kva veg i «systemet» du skal gå?
- Har du nokre støttespelarar i kommunen? Har du møtt «rett person» som du snakkar med viss det er noko? viss ikkje, kva har hindra dette?

Korleis er opplevinga av makt og avmakt i møte med kommunen?

- Korleis føler du at personalet ser på deg?
- Føler du at personalet ser på deg som ein ressursperson?

- Spør dei deg og råd om dei treng det?
- Stolar du på personalet i kommunen?
- Føler du deg fortsatt som ein forelder? På kva måte? Kva foreldrefunksjonar har du igjen i dag? Kva gjer kommunen? Klarar du å slå deg til ro med slik det er no eller er du «på vakt»??
- Kan du ta opp det du vil med kommunen? Korleis er samarbeidsklimaet? Både det du er fornøgd med og ikkje fornøgd med? Tar kommunen evt. hensyn til det du seier?
- Opplever du at du kan påvirke heimesituasjonen til barnet ditt?
- Snakkar du med andre foreldre som har barn som bur sammen med ditt barn?

Avslutning

- Er det noko meir du har lyst å tilføye?
- Kva syns du om intervjuet? Har du nokon andre spørsmål som eg kan ta med meg vidare?
- Om du vil utdjupe nokon av svara dine, eller om det skulle vere noko anna i etterkant er det berre å ta kontakt med meg